



*MUSIKKENES VENNER  
NORDHORDLAND*

## Årsmelding for 2014.

Årsmøtet vart halde søndag 2.februar 2014 i Strilatun på Seim.

### Styremedlemene på val:

Marie Morken attval for 2 år

Jarle Hodnekvam attval for 2 år

Styremedlemene Einar Vatne, Inger Johanne Ektvedt og Rune Brundtland stod ikkje på val.

### Varamedlemer for 1 år:

Katrine Tvedt ny

Rolf Martin Tande ny

Inge Askild Alver attval

### Revisorar:

Klara Villanger attval for 2 år

Oddvar Sundsbø, ikkje på val

### Valnemd:

Dag Tore Anfinsen attval for 2 år

Signar Kristoffersen ikkje på val.

### Styret for 2014 konstituerte seg som følgjer.

Leiar Einar Vatne

Nestleiar Inger Johanne Ektvedt

Kasserar Jarle Hodnekvam

Styremedlem Marie Morken

Sekretær Rune Brundtland

Styret har hatt 10 møte og handsama 62 saker i 2014.

Medlemstalet pr. 31/12 er 73 enkeltmedlemer og 86 familiemedlemskap. Dette tilsvarar ca. 245 medlemer .

Musikkens Venner Nordhordland har 3 æresmedlemer: Gunnar Furubotten, Eilif B.Løvteit og Rune Alver.

Styret vil takka Johs. Fosse som støtt må gå i smia og laga navarar til gåver til utøvarane.

MVNH har vore arrangør/medarrangør på 11 konsertar med eit samla publikumstal på 2212. Vi har og arrangert medlemstur til Festspelkonsert i Bekkjarvik.

### Aktivitetar i 2014:

**02.02.2014** **Konsert, "VALSERIA"**, med Gabriel Fliflet m/orkester i Seim Grendahus. G.Fliflet i kjendt stil, med fantastisk konsert som publikum likte godt.

**28.02.2014** **"Dar kjem dampen"**, Ivar Medaas framsyning. Oppsetjing av Sogn-og Fjordane Teater på Nordhordland Folkehøgskule. Medverkande Claus Sellevoll, Olav Stedje, Annlaug Børsheim og Aage Vaksdal.

Sogn og Fjordane Teater retta ein førespurnad til Musikkens Venner Nordhordland om vi kunne inngå ein samarbeidsavtale og vera teknisk arrangør. MVNH såg på det som interessant og inngjekk avtale. Ei framsyning av høg kvalitet som fekk stor suksess. "Sterkt gjenhøyr med Ivaren" skreiv Strilen

**01.03.2014** **Dar kjem dampen**, andre framsyning på folkehøgskulen.

**09.03.2014** **DA-CAPO, konsert med Vidar Lønn-Arnesen og Philip Kruse.**  
Vellukka konsert. God publikumsstemning og god avisomtale . Konserten føyer seg inn i rekkja av konsertar med "lødige" musikk.

**24.05.2014** **Festspelkonsert i Bekkjarvik, medlemstur** som vart utvida til å ta med venner og kjente. Turen gjekk med flott turbuss frå Knarvik til Hufthammar, guida tur rundt i Austevoll før vi kom til Bekkjarvik  
Middag på Bekkjarvik gjestgiveri.  
Deretter var det offisiell opning av Bekkjarvik Gjestehamn.  
Festspelkonserten "Operaperler" var fantastisk og framført av 106 proffe musikarar frå Sjøforsvarets Musikkorps, Mogens Dahls kammerkor og Collegium Musicums. Sopranen Linda Johnsen hadde ei fantastisk stemme og flott mimikk og kroppspråk.  
I det heile ei stor oppleving med mange gode tilbakemeldingar frå deltakarane. MVNH fekk sterke oppfordingar om å arrangera ny tur til Festspelkonserten i Bekkjarvik i 2015. Styret har alt vedtatt at det vert medlemstur 30/5-2015.



Bekkjarvik

**03.09.2014** **"Sommarkveld ved fjorden", KnarvikMil arrangement på Lyngheisenteret**  
Programsamansetjinga med foredrag av Knut Langeland, tur på Lyngheiane/ naturfilm, konsert med Marianne Juvik Sæbø og kortreist mat/spekesild, fekk MVNH mykje ros for. Høg kvalitet. I år var der ein del nye deltakarar frå Bergensregionen. "Sommarkveld ved fjorden" er ei god overskrift på arrangementet. Mange kommenterte at dei fekk mykje for billettpris på kr. 300,-. MVNH hadde i utgangspunktet sett ei "grense" på salg av ca 100 billettar og dette hadde Lyngheisenteret basert seg på ved planlegging av mat. På rekordtid klarte dei å skaffa mat til alle, og det var eit framifrå godt måltid med spekesild. Svært vellukka arrangement med rekordstort deltakarantal. Dette er eit fellesarrangement mellom Nordhordland Turlag, KnarvikMila og Musikkens Venner Nordhordland.

**04.09.2014** **Nordic Tenors på Nordhordland Folkehøgskule.** Jan-Tore Saltnes, Roald Haarr og Sveinung Hølmekbakk, akkompagnert av Øystein Lund Olafsen. Fantastisk konsert og sceneshow av Nordic Tenors. Svært høg kvalitet på framføringa. God stemning i salen.

**28.09.2014** **Medaaspriskonserten, 28. september 2014 kl. 19.00 på Nordhordland Folkehøgskule.**  
 Artistar: Mads Eriksen, Øyvind Vabø, Lydia Hoen Tjore, Tine & Kai Taule, Tiriltunga Barnekor, Gunnar Bjelland. Konferansier Dag Lindebjerg. Prisvinnar Vinskvetten.  
 Musikkens Venner Nordhordland har inngått samarbeidsavtale med Medaaspriskomiteen om m.a. å vera teknisk arrangør.

**01.10.2014** **Konsert i Mange kyrkje** med dei polske musikarane Teresa Kaban – piano og Henryk Blazej – fløyte. Dei hadde heldt ein fantastisk konsert. Men ... det var kun 19 tilhøyrarar. Det er mildt sagt flaut, når vi får verdensstjerner på besøk og vi veit at andre stader i verda er konsertlokala fulle når desse kjem.

**15.10.2014** **Konsert i Knarren med 3 av konkurransedeltakarane i The International Edvard Grieg Piano Competition.**  
 Ein av dei unge musikarane kom frå Polen, dei to andre frå Tyskland. Eilif B. Løtveit fortalde som vanleg levande engasjert om komponistane, musikkstykkja og la inn humoristiske faktaperler.

**Konsertar i samband med innviing av Knarvik kyrkje.**

Arrangør for desse konsertane var Musikkens Venner Nordhordland og Alversund Sokneråd.

**30.11.2014** **Konsert med skodespelar Toralf Maurstad, Rune Alver, Kjersti Wiik, Seim Songkor og Eikanger Bjørsvik Musikklag.**

**03.12.2014** **Konsert med Garness og Kristin Minde.**  
 Dette var den første felleskonserten dei heldt i Nordhordland. Flott konsert.

**05.12.2014** **Festkonsert** med ei lang rekkje lokale dyktige aktørar som alle heldt høg kvalitet og stor spennvidde i det dei framførde.

**Konklusjonen på konsertveka** er at det har vore ei festveke med varierende program. Svært mange publikumarar. Knarvik kyrkje, Nordhordlandskatedralen, har synt seg å vera godt eigna for store konsertar og er godt mottatt både av utøvarar og publikum.

**21.12.2014** **Alversund Kammerkor, framføring av Juleoratoriet i Knarvik kyrkje.**  
 Fantastisk framføring i ord og tonar.  
 ”Julebodskapen på eit sølvfat” skreiv Randi Bjørlo, Nordhordland/foto.



Alversund Kammerkor. Musikkens Venner Nordhordland , medarrangør



Knarvik kyrkje har synt seg å vera godt eigna for konsertar

### **Økonomi.**

Musikkens Venner Nordhordland har opparbeidd seg ein sunn økonomi.

Bakgrunnen er som vi har uttalt tidlegare at det er viktig å ha ein reserve, dersom større framtidige arrangement skulle gå med underskot.

I 2014 hadde laget eit overskot på kr. 72.543,- og bankinnskot ved årsskiftet på kr. 214.181,-.

### **Frammøte på konsertane gjennom året.**

Vi er godt nøgde med frammøtet på dei fleste konsertane.

**Unntaket** er dei smale, klassiske konsertane. Trass i at vi har satsa på høg kvalitet, så uteblir publikum. Vi har stillt spørsmålet om kvifor dei som er interessert i klassiske konsertar ikkje møter fram. Ta som eksempel dei polske verdensstjernene Teresa Kaban og Henryk Blazej som vi alt har nemnt. Styret brukar tilnærma like mykje tid på planlegging og gjennomføring av desse konsertane, som på større konsertar. Det er då eit tankekors om vi skal bruka tid og krefter på desse ”smale” konsertane, når det berre møte fram +/-20 personar. Dessutan er dette dei konsertane som går med store underskot. Her ber vi om tilbakemeldingar frå medlemene. Ønskjer de klassiske konsertar? Hvis svaret er ja, kvifor uteblir publikum?

**Samarbeidsprosjekt.**

Dei seinare åra har vi fått fleire førespurnader om å vera med på samarbeidsprosjekt eller vera medarrangør. Dette framgår og av årsmeldinga for 2014. Styret har sett svært positivt på at lag som vender seg til same publikum kan samarbeida, i staden for å ”konkurrera”. Vi trur at dette kan vera med på å styrkja kulturen i Nordhordland.

Vi ønskjer alle medlemene våre eit rikt musikkår i 2015 !

Knarvik, 13/1-2015

Einar Vatne  
Leiar

Inger Johanne Ektvedt  
nestleiar

Jarle Hodnekvam  
kasserar

Marie Morken  
styremedlem

Rune Brundtland  
sekretær